

# Årsmelding 2005

## Sogn og Fjordane Venstre

### Nokre høgdepunkt for Sogn og Fjordane Venstre i 2005:

- Gunvald Ludvigsen blir vald inn på Stortinget. Sist Sogn og Fjordane Venstre var representert på Stortinget var då Ludvik Botnen vart vald i perioden 1965-1969.
- Justisminister Odd Einar Dørum syter for modernisering av Vik Fengsel
- Justisminister Odd Einar Dørum gjer klar anbodspapira for redningshelikopteret i Florø
- Samferdsleminister Torild Skogsholm sine rassikringsprosjekt i Stedjeberget og Måløy-Rauudeberg blir starta opp i 2005. Fylket får meir enn oppfylt ramma i handlingsplanen.
- Samferdsleminister Torild Skogsholm framskundar 8 mill. til utbetring av Rv 60 Olden-Innvik, og løyver 8 mill. til mindre rassikringsprosjekt.
- Nausta blir verna i supplerande verneplan for vassdrag
- Sogn og Fjordane Venstre får mange gjennomslag på landsmøtet i høve Venstre sitt stortingsvalprogram. Programpostane om fullverdige lokalsjukehus, å rette opp att ubalansen i kommuneøkonomien, Stad skipstunnel som eit nasjonalt prosjekt, ha ein differensiert strandsonepolitikk, Førdefjorden som referansefjord for villaksen, rydde opp i miljøproblema i Nordsjøen, landsdekkande opplæringstilbod i økologisk landbruk, styrke fylkeskommunane si regionale utviklingskraft og auke løyvingane til utbetring av vegnettet vesentleg er døme på dette.

### Fylkesårsmøtet

Fylkesårsmøtet vart halde på Hopstock Hotell i Vik 29.-30.01.05. Det møtte 37 utsendingar og 7 styremedlemmer. I alt var det 44 med røysterett. Frå Venstre sentralt møtte den nye generalsekretären Terje Breivik. Harald Lindvik og Siv Langøen Rotevatn frå fylkestingsgruppa møtte også.

Hovudsakene på fylkesårsmøtet var politisk foredrag om ”Meir fridom- meir ansvar” med påfølgjande debatt og stortingsvalprogrammet. Fylkesårsmøtet vedtok 9 fråsegner:

- 1.~ Folkevald styring og fullverdig sjukehustilbod.
- 2.~ Tryggare vegar.
- 3.~ Heimfallsretten - eit fellesgode.
- 4.~ Førdefjorden som~referanseområde.
- 5.~ Venstre krev ein~differensiert strandsonepolitikk.
- 6.~ Desentralisering av makt og mynde.
- 7.~ Bygg Stad skipstunnel.
- 8.~ Norsk fiskeripolitikk manglar distriktsprofil.
- 9.~ Vik Fengsel må moderniserast.

### Styret

Styret har sidan fylkesårsmøtet vore samansett slik:

Leiar	Rolf Nesheim	Leikanger
1. nestleiar	Eva Ramstad	Sogndal
2. nestleiar	Bjørg Mikalsen	Flora
Nettverkskontakt	Marta Kvikne	Balestrand

Styremedlem	Dag Rune Bakke	Jølster
Styremedlem	Svanhild Otterøy Lothe	Eid
Styremedlem	Audun Gausemel	Hornindal
Unge Venstre	Rune Iversen	Vågsøy/
	Janne Sørum	Leikanger
1. varamedlem	Torstein Tvinnereim	Stryn
2. varamedlem	Åse Kari Einevoll	Balestrand
3. varamedlem	Elin Stølen	Askvoll
4. varamedlem	Snorre Øverbø	Leikanger
5. varamedlem	Astrid Eitrheim Lerum	Luster

Jarle Geithus har vore kasserar utan møteplikt i styret. 1. varamedlem møter fast i styret. Åse Kari Einevoll (2. varamedlem) har som medlem av sentralstyret har vore invitert på styremøta. Leiaren i fylkestingsgruppa, Harald Lindvik, har vore innkalla til styremøta.

Det har vore halde 5 styremøte i perioden: 28.1, 16.2, 15.3, 7.11 og 21.11. Møtet 15.3 var eitt fellesmøte med fylkestingsgruppa der nasjonal transportplan vart drøfta, mens fylkestingsgruppa og styret drøfta ruteplan og nedskjeringsstiltak innan samferdslesektoren i møtet 7.11.

## Representasjon

### Sentralstyremøte

Åse Kari Einevoll har delteke på sentralstyremøta, og på landsstyremøta.

### Landsstyremøte

5.-6.3	Rolf Nesheim
14.4	Rolf Nesheim
1-2.10	Rolf Nesheim
11.-12.12	Bjørg Mikalsen

Rolf Nesheim har delteke på diverse telefonmøte med partileiinga.

### Delegatar på landsmøtet i Molde 15.-17. april 2005

Rolf Nesheim	Landsstyret
Bjørg Mikalsen	Flora
Harald Lindvik	Flora
Janne Sørum	Leikanger
Gunvald Ludvigsen	Eid
Hilde Yndestad Halland	Jølster
Ståle Haugen	Førde
Siv Langøen Rotevatn	Eid
Atle Winjum	Aurland

Elles deltok Åse Kari Einevoll som sentral- og landsstyremedlem.

I forkant av landsmøtet vart det halde delegatsamling lørdag 9. april.

Rolf Nesheim var medlem av redaksjonsnemnda for stortingsvalprogrammet på landsmøtet.

## Ordførarsamling

Gunvald Ludvigsen deltok på Venstre si samling for ordførarar og vararordførarar i april.

### **Rikspolitisk nettverk**

Rikspolitisk nettverk er Venstre si storsatsing på skulering av listekandidatar og styremedlemmer framfor stortingsvalet. Før nominasjonen var det styret som var aktuelle for å delta på desse samlingane. Etter nominasjonen var nettverket retta inn som ein valkamporganisasjon. Såleis var det valkamputvalet som deltok på siste nettverkssamlinga. Det vart halde tre samlingar i perioden frå årsskiftet og fram mot valet. Gunvald Ludvigsen, Bjørg Mikalsen, Rolf Nesheim og Åse Kari Einevoll deltok på samlingane.

### **Organisasjonsarbeid**

#### **Lokallaga**

Sogn og Fjordane Venstre har for tida 21 lokallag. Mange fungerer bra, mens fleire slit med aktiviteten. Vi manglar lokallag i Selje, Årdal, Høyanger, Hyllestad og Solund. Visse framstøyt vart gjort for å skipe lag i fleire av desse kommunane utan at vi lukkast. Fylkeslaget må arbeide meir aktivt for å få det til. Stortingsvalresultata syner at det er grunnlag for å skipe lokallag i desse kommunane.

Fjaler Venstre valde å boikotte fylkeslaget sin valkamp i frustrasjon over fylkestingsgruppa si prioritering av vegløyvingane. I samråd med lokallaget har aktiviteten i høve kommunen våre låg frå fylkeslaget si side, noko som må rettast på komande år.

#### **Temamøte**

Det vart ikkje halde eige temamøte, men det ligg føre eigen rapport frå valkamputvalet.

#### **Forholdet til fylkestingsgruppa**

Dialogen mellom fylkestingsgruppa og styret er tilfredsstillande. I nokon grad er det eit problem at møta i styret og utvals- fylkestingsmøta ikkje er koordinert. Det har vore stor oppslutnad i styret om dei val fylkestingsgruppa har gjort. Gruppa har vore flinkare til å informere om grunngjevingane for sine vegval, og også meddelt desse til lokallaga. Informasjonen til lokallaga kan framleis bli betre, og omvendt.

#### **Forholdet til Venstre sin hovudorganisasjon**

Forholdet til Venstre sin hovudorganisasjon er godt. Venstremedlemene hadde tilgang på heile organisasjonen inklusiv stortings- og regjeringsapparatet fram til valet. Administrasjonen er imøtekommande og yter oss god service.

Også i 2005 har mange av våre saker fått løyvingar/varsla oppstart eller blitt realisert/framlegg frå regjeringa etter påtrykk frå enkeltmedlemmer, fylkestingsgruppa eller gjennom deltakinga i landsstyret og sentralsstyret. Døme på dette er redningshelikopteret i Florø, Vik Fengsel, rassikringsprosjekta i Stedjeberget og Måløy-Raudeberg, Stigedalsvegen, Nausta og verneplan for vassdrag og landslinene i Aurland og i Sogndal.

Fylkeslaget har også engasjert seg i arbeidet med å rette opp i dei urimelege forskjellane mellom rammevilkåra for helseføretaka. Noko av dette vart retta opp i 2005.

#### **Samarbeid med andre fylkeslag**

7.-8. januar deltok Gunvald Ludvigsen på ei samling i Ålesund mellom fylkeslaga og fylkestingsgruppene i Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Siktemålet var å styrke samarbeidet mellom laga, og å vurdere om det var grunnlag for felles

haldningar til programarbeidet framover med særleg vekt på regionaliseringars arbeidet. 11.-12. november deltok Rolf Nesheim og Åse Kari Einevoll på ei tilsvarande samling i Stavanger. I 2006 er det Sogn og Fjordane sin tur til å vere vertskap.

## Økonomi

Fylkeslaget har ein svært god økonomi etter mange gode fylkestingsval, og god styring av midlane. I 2005 får vi eit resultat som er om lag kr. 150.000,- betre enn budsjettet etter eit underskot på om lag 22.000,- kroner. Hovudforklaringa er at vi heller ikkje i år har hatt sekretærhjelp, og at vi nytta mindre til valkampen enn føresett. Manglande sekretærhjelp er utan tvil ein hemsko for det politiske og organisatoriske arbeidet i partiet. Styret foreslår difor å auke posten for sekretærhjelp i budsjettet for 2006 slik at det blir meir attraktivt å ta på seg denne viktige oppgåva.

## Sluttkommentar frå leiaren

Ein god ting kan ikkje takast opp att for ofte. Vi nådde målsetjinga om å vinne utjamningsmandatet, og for første gong på 40 år har Sogn og Fjordane Venstre vunne eit stortingsmandat. Ei stor takk til alle som stod på for at dette skulle bli ein realitet.

For Venstre og Sogn og Fjordane Venstre har vi no avslutta fire år i regjering med positive og nokre mindre positive opplevingar. Næringslivet har fått betra kåra sine vesentleg, noko Venstre var ein sterk bidragsytar til. Samferdsla fekk eit løft med særskilt vekt på miljøvenleg transport og vektlegging av vegutbetring, rassikring og trafikktryggleik. Jakta på bakmennene for organisert kriminalitet og organisert menneskehandel vart sett på dagsordenen. Også siste året i perioden vart det semje med Noregs Bondelag om landbruksoppgjeret, og fokuset vart dreia meir over på kvalitet nisjeproduksjon. Var det opp til Venstre hadde kommuneøkonomien fått eit sterke løft slik at ubalansen i økonomien vart retta opp.

Mykje vart gjort, men det stod igjen mykje å gjera. Mellom anna fleire av gjennomslaga Sogn og Fjordane Venstre fekk i stortingsvalprogammet. Døme på dette er fullverdige lokalsjukehus, å rette opp ubalansen i kommuneøkonomien, styrke fylkeskommunane si evne til å vere regional utviklingsaktør, Stad skipstunnel, Førdefjorden som referansefjord og ein differensiert strandsonopolitikk.

No må ein bu seg på fire år i opposisjon der ressursane blir retta inn mot valet i 2007 før vi skal kjempe om taburettane att i 2009. Opptakten har vore lovande i den forstand at den nye regjeringa har lagt ut snublerådar for seg sjølv, og der særleg SV har hatt problem med å finne ut av si nye rolle.

Dei første hundre dagane i denne regjeringa vil bli hugsa for fleirtalet sin demonstrasjon mot eiga regjering i utanrikspolitikken, Kristin Halvorsen si skattelette til dei rikaste, Øystein Djupedal sine krumspring av intoleranse, SV sin boikott av Israel som likevel ikkje vart noko av, statsministeren sin offentlege refs av eigen finansminister, at regjeringa har strekt seg lenger enn overraskande langt i WTO-forhandlingane og fagorganisasjonane si etterlysing av kor det vart av aktivt statleg eigarskap. Men, også for det økonomiske løftet til kommunane.

For oss blir det spennande å sjå om det gryande opprøret frå fagorganisasjonane brer om seg, og om Stoltenberg maktar å halde regjeringa samla i fire år. Vår jobb er å arbeide for ein best mulig politisk plattform, ein velfungerande organisasjon og eit størst mulig Venstre når valet kjem i 2009.